

Førde, 13.09.2013

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Tilleggsfråsegn: SFE Produksjon AS – Søknad om løyve til bygging av Litlevatnet kraftverk i Norddalsvassdraget i Flora kommune, Sogn og Fjordane.

Vi viser til den felles høyringsfråsegna vår av 27.06.2013 om 4 kraftverk i Norddalsvassdraget (søknaden om Myrbærdalen kraftverk er seinare trekt, og uaktuell,) og til NVE si sluttsynfaring av dei resterande 3 utbyggingane den 3. og 4. september 2013.

Når det gjeld Hestedalsvatnet kraftverk og Grønskredvatnet kraftverk viser vi til fråsegna av 27.06.2013. Den sterke motstanden vår mot desse 2 utbyggingane vart – om mogeleg – forsterka i løpet av synfaringa. Når det gjeld Litlevatnet kraftverk kom det fram ein del viktig tilleggsinformasjon under synfaringa, mellom anna frå grunneigarane, som gjer at vi ønskjer å kome med ei tilleggsfråsegn. Spesielt gjeld fråsegna reguleringsmagasinet, der vi no meiner at viss NVE skulle gje konsekisjon, så må **vilkåra gjerast betydeleg strengare** enn det vi skreiv i den første fråsegna vår.

Tilleggskommentarar til 2.2.3 Reguleringsmagasin og 2.2.4 Inntak for Litlevatnet kraftverk:

Når vi kom ned på Øyrane på nordsida av Litlevatnet på den andre synfaringdagen ca. kl. 14.30 – 15.00 den 4. september, var grunneigarane og underskrivne einige om at vasstanden i Litlevatnet låg på det ein kan kalle normalvasstanden. Det var grønt av landveksande plantar heilt ned til vasskanten slik at underskrivne vil seie at vasstanden då var i det ein kan kalle øvre del av normalvasstanden. Om vasstanden hadde vore 10 cm lågare, ville det framleis vore normalvasstand.

Vi går ut frå at NVE kan få innhenta resultat av måleopplysningar frå utbyggaren som viser den nøyaktige kotehøgda for vasstanden i Litlevatnet på det aktuelle tidspunktet under synfaringa.

Grunneigarane opplyste at under store flaumar veks vasstanden i Litlevatnet svært mykje. Då kan grinda kloss vest for Øyrane stå heilt under vatn. (Under NVE-synfaringa var vasstanden ganske mykje lågare enn nedkanten av grinda.) Grunneigarane ga under synfaringa uttrykk for at det er svært viktig at verken normalvasstanden eller flaumvasstandane i Litlevatnet vert auka som følgje av ei eventuell utbygging. I Turlaget er vi 100% einige med grunneigarane når det gjeld dette!

I fråsegna vår av 27.06.2013 var det nokre foto av Hestedalsfossane som vart tekne 18.05.2013. Den dagen var det ein del snøsmelting i høgreliggande område, og vassføringa i fossane og vasstanden i Litlevatnet var noko høgre enn på synfaringdagen 4. september. Det store fotoet på side 3 i fråsegna av 27.06.2013 vart teke på ettermiddagen på attendeturen etter at vi hadde vore på tur inn til Storfurua og den innhole eika nord for Storevika. Då var vasstanden i Litlevatnet nesten oppe til underkanten av grinda, og vi måtte klatre over gjerdet nord for grinda for ikkje å bli våte. Det var altså litt flaum, men bagatellmessig saman med dei verkeleg store flaumane, når heile grinda står under vatn. Dei fotoa av Hestedalsfossane som står på side 4 og 5 i fråsegna av 27.06.2013, vart tekne tidlegare på dagen, når vi var på veg oppover. Då var vasstanden lågare, slik at vi framleis kunne gå tørrskodde gjennom grinda ved Øyrane, men den var litt høgre enn på synfaringdagen 04.09.2013.



Vest for det ordinære utløpet frå Litlevatnet, er det, som vi såg på den første synfaringsdagen, eit flaumoverløp. På synfaringsdagane var vasstanden i Litlevatnet, med rimeleg god margin, lågare enn terskelen i dette flaumoverløpet.

I punkt 2.2.4 Inntak på side 9 i konsesjonssøknaden, står det at det skal byggast ein ca. 2 m høg og 8 m brei dam over dette flaumoverløpet. Om ein slik dam skulle bli bygd, vil vi karakterisere det som "katastrofe" for Litlevatnet. Det vil føre til kraftig auke av både normalvasstanden og flaumvasstandane i Litlevatnet, noko som vil vere fullstendig i strid med opplysningane i konsesjonssøknaden om at "Litlevatnet er planlagd regulert innanfor naturleg vasstandsvariasjon." Toppen av dammen over flaumoverløpet vil truleg ligge nær maksimumsnivået for det som i dag er nivået for dei største flaumane! Det er fullstendig uakseptabelt! Slik normalvasstanden i Litlevatnet er, har ein ikkje i det heile bruk for nokon dam over flaumoverløpet, den kan sløyfast fullstendig.

Vårt nye framlegg til krav som NVE bør sette til reguleringsmagasinet og inntaksdammene:

1. **Det blir fullstendig forbod mot bygging av dam over flaumoverløpet!** Dette fordi toppen av dammen over hovudløpet skal ligge lågare enn den naturlege terskelen i flaumoverløpet.
2. **Toppen av dammen over hovudløpet skal leggast på same nivå (ikkje høgre!) som vasstanden i Litlevatnet var onsdag 4. september 2013 ca. kl. 15.00.** På dette tidspunktet låg nivået på Litlevatnet i øvre del av det ein kan kalle normalvasstanden. Ved å legge damtoppen på dette nivået, vil ein neppe auke verken normalvasstanden eller flaumvasstandane i Litlevatnet. Dette under føresetnad av at kraftverket går. (Viss kraftverket unntaksvis skulle stå stille, vil begge vasstandane auke.)
3. **Litlevatnet skal ikkje tillatast nedtappa meir enn ca. 25 cm frå toppen av dammen.** Dette for å redusere sjansane for ekstra erosjon på Øyrane, og for å halde vasstanden i Litlevatnet på eit stabilt nivå bortsett frå i flaumsituasjonar. Dessutan: Grunna den store sjølvregulerande evna som er i vassdraget, særleg i Fessevatnet og Storevatnet, vil fordelane med regulering av Litlevatnet vere minimale samanlikna med ulempene som følgje av ei for stor regulering.

Vi ber NVE vurdere våre framlegg til krav opp mot dei måleresultata av vasstandsvariasjonane i Litlevatnet som NVE (men ikkje vi,) får tilgang til frå utbyggaren.

Val av utbyggingsalternativ for vassveg og kraftstasjon:

I fråsegna vår av 27.06.2013 gjekk vi sterkt inn for **Utbyggingsalternativ B** for vassvegen og kraftstasjonen. Synfaringa styrka oss i synet på at dette er det einaste akseptable utbyggingsalternativet. Bygging av vassveg og kraftstasjon etter Alternativ A, vil føre til svært omfattande naturinngrep i det til dels vanskelege terrenget. Utbyggingsalternativ B vil bli svært mykje betre!

Synfaringa viste også at området der steindeponiet er planlagt plassert, er godt eigna, slik vi ser det, og vil føre til minimale ulemper for almenne interesser, bortsett frå i anleggsperioden.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

